



Sogn og Fjordane fylkeskommune  
postmottak.sentraladm@sfj.no

## Partnarskap for karriererettleiing i Sogn og Fjordane - høyringsfråsegn

Det er positivt at fylkeskommunen tek konstruktive grep for utvikle karriererettleiinga. Tidlegare fekk man ein ”jobb”. I dag må ungdom planleggje ein ”karriere”. Arbeidslivet har skifta ham, og mange ungdomar treng rettleiing i livs- og karriereplanlegging. Dette er ei oppgåve som må løysast systemisk. Kommunane i Sogn regionråd ser det slik, at dette dreier seg både om å setje inn nødvendige ressursar – men først og fremst om å organisere desse på ein best mogleg måte.

Struktur formar innhald, og det er i stor grad korleis ein organiserer tenesta som avgjer om den vert tilfredsstillande. Her handlar det om å finne ei rett form. Slik vi forstår høyringsdokumentet er det stillingsressursar på totalt 280 % som skal setjast inn i arbeidet (4 regionkontor x 40% stilling på karriererettleiing, pluss 4 x 30% stilling på vaksenopplæring). Desse ressursane bør nyttast på ein slik måte at dei byggjer opp under dei strukturane og tiltaka som allereie arbeider proaktivt med karriere- og arbeidslivsrettleiing i fylket. Vi saknar difor omtale i høyringsdokumentet om Framtidsfylket AS, der også fylkeskommunen er eigar. Saman med Framtidsfylket freistar vi å marknadsføre dei gode moglegeheitene vi finn i Sogn og Fjordane for eit variert og attraktivt arbeidsliv. Det er *eitt* grep for å synleggjere gode karriereval. Vi voner at fylkeskommunen også vurderer utvikling av samarbeidet med Framtidsfylket. Det er naturleg å bygge vidare på etablerte strukturar som fungerer.

Vi vil også visa til samarbeidsavtalen vi har med Sogn og Fjordane fylkeskommune om regionalt utviklingsprogram som vi inngår kvart år og der eitt av samarbeidsområda er utdanning, skule og kompetanse.

Fylkeskommunen og Fylkesmannen sitt felles programstyre for omstilling av offentleg sektor og IKT har vore avgjerande for oppbygging og finansiering av vårt overordna regionale skule- og samfunnsutviklings-prosjekt ”Sats på skulen – snu Sogn”. Dette er eit reiskap som er bygd for å snu Sogn, for å hjelpe ungdom i livsplanlegging, karriereval og helst eit arbeidsliv i regionen. Det er eit prosjekt som styrkar kvaliteten i skulen, slik at elevane sjølve er i stand til å ta betre avgjersle for sine liv. Prosjektet er bygd på eit systemisk perspektiv, der vi stimulerer utvikling på lègst mogleg nivå nær eleven. I høyringsdokumentet går det fram kor viktig det er å kommunen og skulen samarbeidar med lokalt næringsliv og lokale organisasjonar for å synleggjere mangfaldet i arbeidslivet. Det er ein av oppgåvene som ligg til rolla som skuleeigar. Her er Balestrand kommune eit godt døme. Ingen elevar frå Balestrand har sidan 2008 falt ut av vidaregåande skule. Dei scorar jamleg blant dei beste kommunane i landet på nasjonale prøver og skulefaglege resultat. Dette er ein skuleeigar som har jobba systemisk regionalt og i eigen kommune.

Vi trur ikkje eit fylkeskontor i Leikanger eller eit regionalt karriererettleiingskontor i Sogndal ville hatt nemneverdig innverknad på resultata i Balestrand. Som det går fram av høyringsdokumentet, får ein lite igjen av individretta rettleiing via telefon. Rettleiinga må skje gjennom dei pedagogiske aktivitetane elevane tek del i. Kommunane, skulane, rektorane, rådgjevarane og lærarane må utvikle rolla som rettleiarar. Rettleiing bør ikkje individualisera til eit kontor.

I "Sats på skulen – snu Sogn" gjennomfører vi leiarutdanning med fokus på entreprenørskap og utvikling, vi utviklar rolla som skuleeigar, satsar på regionale fagnettverk for lærarar, rådgjevarar og rektorar, og vi arrangerer entreprenørskapsmessar for ungdomsskulane i Sogn. Messene er læringsarenaer, der alle 8. klassingane i heile regionen vurderer dei beste elevbedriftene til 9. klassingane. Vi har spanande plenumsforedrag om motivasjon og arbeidsliv, i tillegg til bedriftsbesøk i ulike verksemder. I arbeidet fram mot messene brukar skulane Ungt Entreprenørskap sin aktivitetsportefølje. Entreprenørskap i skulen handlar ikkje om å tene mest mogleg pengar, men om å lære seg å takle utfordringar og problemstillingar på nye og kreative måtar. Målet er å trenere elevane til å sjå eigne ressursar og moglegheitene i lokalsamfunnet. Det handlar om å forstå korleis arbeidslivet fungerer, korleis ein skal nytte ressursane sine til å vidareutvikle og forbetra arbeidsplassen elevane blir ein del av. Våren 2013 har vi oppstart av eit formelt studie i entreprenørskap for pedagogar og næringsavdelingane i Sogn. Entreprenørskapsarbeidet vårt er *ein* måte å arbeide systemisk med karriererettleiing.

På oppdrag frå KS utarbeidde SINTEF i 2011 handboka om ei aktiv skuleeigarrolle; "Alt er småting, og det er de som teller". På oppdrag frå Sogn regionråd ferdigstiller NTNU i mars 2012 evalueringsrapporten "Sammen så veie vi flere tonn... Evaluering av Sats på skulen – snu Sogn". Rapportane tydeleggjer dei gode grepene som har vorte utarbeidd i Sogn sidan oppstart av prosjektet i 2006. Den 20. april skal regionrådet ta stilling til om vi skal gå frå prosjekt til eit permanent program. Ein partnarskap om karriererettleiing vil passe godt som eit delfundament for det framtidige skule- og samfunnsutviklingsarbeidet i regionen.

### **Dei tre konkrete spørsmåla i høyningsbrevet**

**3. Finansiering.** Det er aktørar som vil samarbeide i partnarskapen. Desse aktørane vil i hovudsak stille med kompetanse og ikkje økonomiske ressursar, med unnatak av kommunane – der fylkeskommunen ynskjer at kommunane "spleiser" på ei 20% stiling i kvar region. Dei 280 % "friske" midlane bør nyttast på ein måte som vidareutviklar eksisterande strukturar, som "Sats på skulen – snu Sogn" og Framtidsfylket. I staden for at kommunane skal vere med på "spleising" på ein regional stilling, er det naturleg at fylkeskommunen og Sogn regionråd inngår partnarskap og spleiselag for eit framtidig program i Sogn. Kommunane i Sogn kan ikkje både betale for eit regionalt prosjekt, i tillegg til å spleise på eit fylkeskommunalt prosjekt – som båe arbeider med dei same oppgåvene.

**2. Organisering.** I høyningsdokumentet vert det med rette peikt på at eigarskap er eit avgjerande kriterium for suksess. "Sats på skulen – snu Sogn" er politisk leia av Sogn regionråd, og forankra i skuleregion Sogn (dei skulefagleg ansvarlege) og rådmannsgruppa. Det er eit sterkt politisk og administrativt eigarskap til prosjektet. Det er uråd å ha to parallelle prosessar i regionen, som eventuelt skal kommunisere og samarbeide med dei respektive kommunane, skulane og rektorane – om dei same måla. I Sogn må dette arbeidet samkjøyrast. I høyningsdokumentet vert det fremja forslag om å opprette fire regionale kontor, der karriererettleiinga skal finne stad på eit NAV kontor. Vi vil ikkje tilrå ei slik løysing.

'Karriererettleiing for ungdom' og 'NAV' opplevast snarare som dikotomiar enn synonym. Karriererettleiing bør ha ein "skulsk" forankring. Av røynsle veit vi at det er ei utfordring å koordinere åtte kommunar, 31 skular, 40 barnehagar og om lag 460 lærarar. Karriererettleiing gjennom eit systemisk perspektiv er nettverksarbeid. Det tek tid og ressursar å byggje opp eit fungerande nettverk. Med NAV som utgangspunkt vil det truleg bli vanskeleg.

**1. Innhald i rettleiingstenesta.** Vedlegga til høyringsdokumentet syner eit mangfald av potensielle oppgåver. For region Sogn vil innhaldet i rettleiingstenesta følgje av punkta finansiering og organisering. Vi føreslår at karriererettleiing vert teke med i samarbeidsavtalen om regionalt utviklingsprogram mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Sogn regionråd. Avklaring om innhald, ansvar og oppgåver kan gå fram av samarbeidsavtalen ev. som vedlegg til denne avtalen.

Med helsing

Karina Nerland  
dagleg leiar  
(sign)

Claus Røynesdal  
prosjektleiar "Sats på skulen – snu Sogn"  
(sign)